

## Saksframlegg

Dato                      Referanse                      Saksbehandlar  
22.03.2024                      23/57449- 13                      Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
11/24	Vestlandsrådet	10.04.2024

## Orienteringssak: Dispensasjonar frå kviletidskrav i beredskapssamband – status i saka

**Vestlandsrådet 10.04.2024 - sak 11/24**

### Behandling

16 voterande.

### Vedtak:

Saka blei tatt til orientering.

### Bakgrunn

Endra praksis hos Sjøfartsdirektoratet med omsyn til dispensasjonar på kviletid har konsekvensar for rutetilbodet på fylkesvegferjer der operatør har dispensasjon på kviletid.

I sak 08/24 i møte 11.1.2024 vedtok Vestlandsrådet å be om at Sjøfartsdirektoratet utsett praksis av innskjerpa regelverk knytt til kviletidskrav inntil vidare på denne nasjonale utfordringa. Fylkeskommunar, beredskapsaktørar og Sjøfartsdirektoratet treng tid for i fellesskap å finne fram til løysingar som sikrar at

- fylkeskommunane sine lovpålagte oppgåver kan løysast
- innbyggjarar og næringsliv er sikra pålitelege og føreseielege tenester
- beredskapsaktørar er sikra ein formålstenleg transport

## **Dialog mellom Vestlandsrådet og Sjøfartsdirektoratet**

For å følge opp saka har Vestlandsrådet gjennomført to møter med Sjøfartsdirektoratet om utfordringane innskjerpa praksis har medført, særleg for dei ferjesambanda som har beredskapsfunksjon.

Det første møtet ble gjennomført 9. februar. Tema i dette møtet var å få fram eit tydeleg bilde av utfordringane frå Vestlandsrådet sitt ståstad. Eit oppfølgande møte fant stad i Bergen 22. februar. Partane i møtet er einige om at det må vere tettare dialog mellom fylkeskommunane som ansvarleg for offentlege transporttenester og Sjøfartsdirektoratet som sektormynde. Ein slik dialog er viktig for at Sjøfartsdirektoratet skal vere kjent med alle relevante omsyn, til dømes tungtvegande samfunnsomsyn, ved deira myndigheitsutøving.

Fylkeskommunane understreka at alle involverte partar må arbeide for ei snarleg løysing, som sikrar at ferjene går. Ferjedrifta er samfunnsoppdraget, og skal gjennomførast innan rammene for trygge arbeidsvilkår i arbeidslivet i Noreg.

### **Vidare arbeid**

Det er dialog mellom fylkeskommunane om utfordringane dette gir. Oppfølging av utfordringar knytt til enkeltsamband blir gjort av kvar enkelt fylkeskommune.

Toril Hovdenak  
fylkeskommunedirektør

### **Vedlegg**

Referat frå møte mellom Vestlandsrådet og Sjøfartsdirektoratet 22.2.2024

Møte mellom Vestlandsrådet og Sjøfartsdirektoratet 9.2.2024

Vestlandsrådet - dispensasjoner mm